

ÅRSPLAN 26/27

Kåreviksmarka FUS barnehage



Kåreviksmarka

INNHold

1. Om årsplanen og måla FUS har for barnehagane

Visjon
Verdiar
Hovudmål

2. Om barnehagen

3. Vårt verdigrunnlag

Barn og barndom
Demokrati
Mangfald og gjensidig respekt
Likestilling og likeverd
Berekraftig utvikling
Livsmeistring og helse

4. Barnehagen sitt føremål og innhald

Sosioemosjonell støtte og veiledning
Organisering og leing
Læringsstøtte

5. Barn sin medverknad

6. Samarbeid

Foreldresamarbeid
Samarbeid med andre instansar

7. Overgangar

Tilvenning i barnehagen
Overgangar innad i barnehagen
Overgang frå barnehage til skule

8. Barnehagen som pedagogisk verksemd

Lærande organisasjon
Planlegging
Vurdering
Dokumentasjon
Tilrettelegging av det allmennpedagogiske tilbodet for barn som treng ekstra støtte.

9. Barnehagen sine fagområde





**BARNET
FØRST!**





1. OM ÅRSPLANEN OG FUS SINE MÅL FOR BARNEHAGANE

Denne årsplanen skal vise korleis barnehagen jobbar for å oppfylle krava i den nasjonale rammeplanen for barnehagens innhald og oppgåver. Årsplanen skal også beskrive korleis vi jobbar for å nå FUS sine felles målsettingar for barnehagane.

Visjon:

Saman gjev me barndommen verdi: Venskap, leik og glede Og kvardagsmagi

Visjonen er leiestjerna vår og den stakar ut ei retning for kva vi ønskjer at FUS barnehagane skal oppnå – no og i framtida. Visjonen er det vi strekkjer oss etter kvar dag i møte med barn, foreldre og kollegaer.

Våre metodar for å jobbe mot visjonen:

- Jobbe for at barna sin kvardag vert prega av leik og glede
- La barna oppleve magiske augneblink i kvardagen
- Jobbe for at alle barn får oppleve vennskap og positive samhandlingar i barnehagen

Verdiar:

Glødande, skapande og tilstadeverande

Verdiane er kulturberarane i FUS. Verdiane fortel kva vi står for, kva vi trur på og kva som er viktig for oss. Dei er ei kjelde til motivasjon og inspirasjon i det daglege arbeidet i barnehagen på vegen for å verkeleggjere visjonen.

Våre metodar for å jobbe i tråd med verdiane:

- Me er glødande når:
- Me skapar noko saman
- Det er magi og kreativitet i kvardagen
- Me er engasjerte, utprøvande og samarbeidande
- Det er humor og latter i kvardagen

Me er skapande når:

- Det er rom for magi og kreativitet
- Me boltrar oss og tar i bruk ulikt materialar
- Me ser mogleikar
- Tek fantasien i bruk og improviserer
- Tek roller og dramatiserer

Me er til stades når me:

- Lyttar til og ser barnet
- Er anerkjennande
- Ser og forstår utan at det trengs ord
- Gjev rom og tid
- Er her og no



Hovudmål:

- FUS barn har eit positivt sjølvbilet.
- FUS barn er trygge og forskande, trivast i lek og har vennekompetanse.
- FUS barn gler seg til “resten av livet”, og veit at dei har moglegheit til påverknad og at
- innspela deira tel.
- FUS barn har det gøy i barnehagen.

Kåreviksmarka FUS barnehage har stor tru på å jobbe med inspirasjon frå Reggio Emilia-filosofien. Me har difor som langsiktig satsingsområde å vidareutvikle oss innan denne tenkinga, og at det skal vises igjen i samspel med barna, og i det pedagogiske arbeidet i barnehagen.

Våre metodar for å jobbe mot måla:


- Personalet gjennomfører kontinuerlig kompetanseutviklinga i FUS, Class og TIK gjennom veiledning og refleksjon for å heile tida auka kvaliteten for barna.
- Me vil sjå nærare på korleis me som vaksne kan støtte og veilede barn i samspel og utforsking.
- La RE gjennomsyre kvardagen, prosjektarbeida og dokumentasjonen.
- Bruke REMIDA-materiell aktivt i lek, prosjekt og utforsking; både inne og ute.

I FUS barnehagane har me eit felles slagord, «Barnet først». Det inneber at alt me gjer skal vera til barnet sitt beste. «Barnet først» er òg namnet på kompetansesatsinga vår, der målet er eit likeverdig barnehagetilbod av høg kvalitet i alle våre barnehagar.

I denne årsplanen er kapitla bygd opp slik: Fyrst ei beskriving av kva rammeplanen seier, så ei beskriving av korleis me vil gjennomføre dette i praksis.



2. OM BARNEHAGEN



Kåreviksmarka FUS Barnehage er eigd av Trygge Barnehager AS og vert drifta av FUS AS. Barnehagen opna 25. august 2004 og har plass til ca 84 einingar i alderen 1 – 6 år.

Me jobbar i-og på tvers av soner i grupper som skapar samkjensle. Dei vaksne følgjer i stor grad barna på gruppene frå år til år, på den måten sikrar me tryggleik, stabilitet og kontinuitet i samarbeidet og i relasjonane til barn og føresette.

Knøttene	Blå Gruppe	Rød -	Grøn Gruppe	Gul Gruppe
1 - åringane	2 - åringane	3-4 åringane		5 - åringane

Reggio Emilia i Kåreviksmarka FUS barnehage

Me hentar mykje inspirasjon frå Reggio Emilia-filosofien, og arbeider stadig med å vidareutvikle synet på det rike, intelligente og kompetente barnet. Me prøver å fange opp korleis barna erkjenner verda dei omgjev seg i gjennom å lytte, sjå og forstå det medverkande barnet.

Barnesyn

I Kåreviksmarka FUS barnehage har me eit positivt barnesyn. Det inneber at me ser på barnet som unikt og kompetent. Personalet støtter barnet i utviklinga ved å vere medundrande og med forskande ved mellom anna å stilla spørsmål i staden for å gje svar. Personalet i barnehagen ser på barnet som likeverdig. Me meiner barn kan og klarar, og at meininga deira tel.

Dei tre pedagogane

Dei tre pedagogane som er «den vaksne, det fysiske miljøet og barnet», er ein viktig del av denne filosofien.

Den vaksne:

Den vaksne er venleg, tydeleg og varm. Den vaksne lyttar til barna, ser og forstår. Den vaksne skal spore det barna er opptekne av, stille opne og undrande spørsmål, finna hypotesar til å forska på og spinna vidare på det barna undrar seg over. Den vaksne rettleiar og støttar barna ved å lytta og anerkjenna, og vera til stades i den gode samtalen. Den vaksne er til stades med barna og skapar rom for refleksjon, undring og fantasi. Den vaksne kan ikkje lære barna, men læra dei å lære.

Barnet:

Me meiner at kvart barn er unikt, rikt og kompetent. I dette legg me at barna sjølve har kunnskap som gjer dei i stand til å sjå ulike mogleikar og finna sine eigne vegar. Barn er nyfikne, vitebegjerlege og undrande. Dei har eit stort potensiale til å vidareutvikla kunnskapen dei sit inne med dersom dei vaksne grip fatt i dei små detaljane rundt barna si undring, deira spørsmål og hypotesar. Alle barn har noko dei kan meir enn andre ting, og dette vert ivaretatt hjå oss. Me meiner Barn kan og klarer!

Me legg merke til det positive i kvart barn, gjev tilbakemelding på dette, ivaretar positiv meistring og motiverer barna for å meistra nye ting. Dette gjev barn eit positivt bilete av seg sjølve i tillegg til at også andre får eit positivt bilete av barnet.

Miljøet:

Barna treng rom det kjennes godt å vera i. Romma me ferdes i påverkar oss. Måten me møblerer romma våre skal fremje leik og læring hjå barna. Dette gjeld inne som ute. Me ynskjer i tillegg at romma skal fenga sansane til barna, vera ei estetisk kjelde og ein levande stad for barna å vera i. Romma skal innby til leik, forking, undring, kreative og skapande aktivitetar. Dokumentasjon av det som opptar oss i kvardagen skal prega miljøet hjå oss. Materialet og leikene barna kan ta i bruk skal vera tilgjengeleg og oversiktleg plassert.



Kåreviksmarka FUS barnehage as

Kåreviksmarka FUS barnehage
Kåreviksmarka 100
5412 Stord

Mobil: 92 23 23 50
Hoved: 53 40 15 00

E-post: dl.kareviksmarka@bhg.no

www.fus.no/kareviksmarka



A photograph showing several children sitting on a wooden floor. One child in the foreground is reaching towards a small, glowing blue light box. Another child is visible in the background, also sitting on the floor. The scene is brightly lit, and the children are engaged in play.

3. VÅRT VERDIGRUNNLAG

«Verdigrunnlaget til barnehagen skal formidlast, praktiserast og opplevast i alle delar av det pedagogiske arbeidet i barnehagen. Barndommen har ein eigenverdi, og barnehagen skal ha ei heilskapleg tilnærming til barna si utvikling. Samfunnsmandatet til barnehagen er, i samarbeid og forståing med heimen, å vareta barna sitt behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for ei allsidig utvikling.»

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 7))

Barn og barndom

«Barna skal møtast som individ, og barnehagen skal ha respekt for opplevingsverda til barnet. Barns liv blir påverka av omgivnadene, men barn påverkar òg sitt eige liv..»


(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 8).

Vårt syn på barn og barndom:

Me har eit positivt barnesyn. Det inneber at me ser på barnet som unikt og kompetent. Personalet støtter barnet i utviklinga ved å vere medundrande og medforskande ved å stilla spørsmål i staden for å gje svar. Personalet i barnehagen ser på barnet som likeverdig. Me meiner barn kan og klarar, og at meininga deira tel.

I praksis vil dette tyde:

- Romma er tilrettelagt for at barna får vere utforskande og kreative, materialet er tilgjengeleg for barna
- Me legg vekt på at barna kan vere støttande for kvarandre og bruke kvarandre sine ressursar (vera pedagogar for kvarandre)



- Personalet støtter barna i utviklinga deira ved at me oppmodar og legg til rette for at barna skal klare mest mogleg sjølv. Barna skal møte høvelege utfordringar slik at dei opplever meistring og samstundes har noko å strekkje seg etter
- Barna opplever at dei har tid og rom for medverknad i kvardagen, og at barnet som individ er synleg i gruppa. Medverknad sikrar at barna lærer å veksa inn i eit demokratisk samfunn/ demokratisk tankesett. Barnet opplever at meiningane deira tel, dei blir sett og høyrde, men det er ikkje einsbetydande med å alltid få gjennomslag for meiningane sine
- Barna deltek i vurderingsarbeidet i barnehagen vår. Meiningane som der kjem fram tek me til etterretning i arbeidet vårt.

Demokrati

«Barnehagen skal fremje demokrati og vere eit inkluderande fellesskap der alle får høve til å ytre seg, bli høyrde og delta. Gjennom å delta i barnehagefellesskapet skal barna få sjansen til å utvikle forståing for samfunnet og den verda dei er ein del av.»
(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 8).

Våre metodar for å fremje demokrati:

I vår barnehage fremmer me demokrati ved å vera anerkjennande, lyttande og vise respekt for kvarandre. Alle får delta og bli høyrde ut i frå sine føresetnader. Me som vaksne må vera gode rollemodellar og la alle få koma med sine ytringar. Me nyttar til dømes tankekart og refleksjon ut i frå barnas utsegn og kroppsslege uttrykk som reiskap i vårt planleggingsarbeid. Me legg til rette for barnemøter med barna i gruppetida.


Mangfald og gjensidig respekt

«Barnehagen skal fremje respekt for menneskeverdet ved å synleggjere, verdsetje og fremje mangfald og gjensidig respekt. Barnehagen skal bidra til at alle barn føler at dei blir sett og anerkjende for den dei er, og synleggjere den enkelte sin plass og verdi i fellesskapet. Barnehagen skal leggje til rette for kulturmøte, gi rom for barna si eiga kulturskaping og bidra til at alle barn kan få oppleve glede og meistring i sosiale og kulturelle fellesskap.»

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 9).

Våre metodar for å fremje mangfald og gjensidig respekt:

I Kåreviksmarka FUS barnehage er me anerkjennande, ser, lyttar og viser forståing for barna – me let dei medverka i deira kvardag. Me skapar rom for ulikskapar og ulike meiningar. Det vert jobba for at alle barn skal få vera med i leiken og me oppfordrar til inkludering og verdsetting av kvarandre. Me har eit funksjonelt og kjønnsnøytralt fysisk miljø som er tilrettelagt for alle. Dersom det er ynskjeleg vert det lagt til rette for å markere andre tradisjonar og kulturar. Me samarbeider med foreldra i høve nasjonaldagar og andre markeringar.



Likestilling og likeverd

«Barnehagen skal fremje likeverd og likestilling uavhengig av kjønn, funksjonsevne, seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk, etnisitet, kultur, sosial status, språk, religion og livssyn. Barnehagen skal motverke alle former for diskriminering og fremje nestekjærleik.»

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 10).

Våre metodar for å fremje likestilling og likeverd:

- Anerkjenne, sjå, lytte og forstå barnet
- Legge til rette for eit fysisk miljø for alle
- Likeverdig konflikthandtering og gje rom for individuelle val

Berekraftig utvikling

«Barna skal lære å ta vare på seg sjølve, kvarandre og naturen. Berekraftig utvikling omfattar natur, økonomi og sosiale forhold og er ein føresetnad for å ta vare på livet på jorda slik vi kjenner det. Barnehagen skal bidra til at barna kan forstå at handlingar i dag har konsekvensar for framtida.»

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 10).

Våre metodar for å fremje berekraftig utvikling:

- Bruk av gjenbruksmateriale framfor leiker er ein del av eit større haldningsskapande arbeid.
- Sosial byttedag to gangar i året, der foreldre og barna møtes i barnehagen for å bytte brukte kle, sko og leiker.
- Sortere mat, papir, plast og restavfall. Lære barna dette i aukande grad etter alder.
- Nytte turane våre til å gi barna naturopplevingar. Lære barna å ta vare på naturen; ta vare på dyr/kryp, ta ansvar for naturen rundt oss ved til dømes å rydde opp etter oss.
- Så ting i naturen, for å følgje utviklinga og at ungane får sjå at ting går frå frø til å spire og utvikle seg.





Livsmeistring og helse

«Barnehagen skal bidra til at barna trivst og opplever livsglede, meistring og ei kjensle av eigenverdi, og han skal førebyggje krenkingar og mobbing. Barna skal få støtte til å meistre motgang, handtere utfordringar og bli kjende med egne og andre sine kjensler. Barnehagen skal vere ein arena for dagleg fysisk aktivitet og skal stimulere rørsleglede og den motoriske utviklinga til barna. Måltid og matlaging i barnehagen skal gi barna eit grunnlag for å utvikle matglede og sunne helsevanar.»

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 11).


I Kåreviksmarka skal barn få vera barn. Fokuset vårt ligger i prosessane, ikkje på resultat. Det er erfaringar og oppleving me gir barna undervegs som er viktige. Barnehagen skal vera ein god stad å vera med atmosfære prega av humor, rausheit og omsorg. Ved å sørge for at barnehagekvardagen er prega av trivsel, vennskap og leik, både anerkjenner me og tar vare på barndommens eigenverdi. Det handlar om å ta barnas perspektiv og vera i stand til å sjå barnas individuelle behov og ynskjer. Styrke barnas sjølvbilete og tryggleik, slik at dei kan yte motstand og stå opp for seg sjølv.

Våre metodar for å fremje livsmeistring og helse:

- Tar vare på kvarandre i eit fellesskap, der det er rom for ulikskap og ulike meiningar.
- Jobbar for at alle skal få delta i leik med kvarandre.
- Gir barna meistringsopplevingar gjennom å tilretteleggje og tilpasse ut i frå barnets føresetnader.
- Nyttar musikk og dans som ein rørsleaktivitet.
- Alle barn er ute kvar dag.
- Kokk som lagar sunn og variert mat; der dei alltid blir tilbudd grønnsaker, salat eller bær saman med måltidet.
- Me legg vekt på det gode måltid, som skal samle gruppa og vere ein viktig sosial arena utover det å ete mat for å bli mett.

Link til handlingsplan om psykososialt barnehagemiljø:

<https://fus.no/kareviksmarka>



4. BARNEHAGENS FORMÅL OG INNHOLD



Innhaldet i barnehagen skal være allsidig, variert og tilpassa enkeltbarnet og barnegruppa. I barnehagen skal barna få leike og utfalde skaparglede, undring og utforskartrøng. Ein skal sjå arbeidet med omsorg, danning, leik, læring, sosial kompetanse og kommunikasjon og språk i samanheng og samla bidra til den allsidige utviklinga til barna

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 19).

Barnet først er eit heilskapleg system for å styrke dei tilsette sin kunnskap og handlingskompetanse. Det inneheld tre ulike hovudområde som saman bidreg til å styrke barns allsidige utvikling; sosioemosjonell støtte og veiledning, organisering og leiing, samt læringsstøtte.

Sosioemosjonell støtte og veiledning:

Sosioemosjonell støtte og veiledning handlar om korleis dei tilsette klarar å skape ein barnehagekvardag som hjelper barn å utvikle gode relasjonar med andre, oppleve glede ved å lære noko nytt, oppleve tryggleik og tilknytning og ha ei oppleving av sjølvråding og sjølvstende.

Positivt klima: I eit positivt klima smiler og ler dei tilsette saman med barna. Vi ser mange bevis på at dei har en god relasjon til barna, og dei viser entusiasme og interesse både med kroppen og stemma. Dei er der barna er, i barna si høgde og med kroppen vendt mot dei.

Negativt klima: Det er fråvær av at dei tilsette straffar, hånar, kjeftar og ertar barna.

Sensitive voksne-trygge barn: Å vere sensitiv handlar om å vere merksam og respondere på dei enkelte barn sine teikn på at dei har behov for støtte. Dei tilsette kjenner barna godt. Dei merkar dersom barna er urolege, redde, uoppmerksame, uinteresserte, og dei tilpassar åtferda si for å respondere på det dei ser.

Barns perspektiv og medverknad: Dei tilsette følgjer barnas initiativ og idéar, viser fleksibilitet og varetek



barnas perspektiv. Dei let barna utrykke seg og etter-spør barnas idéar, gir barna ansvar og oppmuntring til å klare seg sjølv.

Emosjonskompetanse hos barn og tilsette: Emosjonskompetanse handlar om å identifisere og forstå eigne kjensler og handtere frustrasjon. Det handlar om å hindre at stress og uro overvelder evna til å tenkje klart, og å ha kontroll over korleis og når ein uttrykker kjensler.

Emosjonsveiledning: I emosjonsveiledning er dei tilsette medvitne barnets kjensler, er til stade, opprettar kontakt med barnet, viser forståing og aksept for barnets kjensler. Dei går inn i kjensla til barnet, og set namn på kjensla. Viss naudsynt, hjelper og støttar dei barnet i problemløysinga.

Organisering og leiing:

Organisering og leiing handlar om korleis tilsette skaper ein barnehagekvardag som hjelper barn å utvikle god sjølvregulering, halde fokus og vise interesse for lek og læringssituasjonar. Dei tilsette etablerer og opprettheld rutinar og strukturar for å skape føreseieleg heit og tryggleik, slik at barna kan engasjere seg i meningsfulle og utviklingsfremjande aktivitetar.

Gruppeleiing og veiledning: Dei tilsette er proaktive og har klare forventningar til åtferd. Dei gir merksemd til ønska åtferd og gir trygge og føreseielege rammer.

Tilrettelegge for lek, læring og overganger: Avdelinga har klare rutinar og dei tilsette sikrar flytande overganger. Barna kjenner til regler, og barnehagekvardagen er prega av lite venting. Innhald og aktivitetar er godt førebudde.

Variasjon: Det er varierte og interessante materialar i barns høgde. Dei tilsette tek barns perspektiv og legg til rette for barns deltaking i aktivitetar.



Læringsstøtte:

Læringsstøtte handlar om at dei tilsette gir støtte til barnas læring. Det teoretiske grunnlaget kjem hovudsakleg frå forskning på kognitiv utvikling og språkutvikling. Der er skilnaden mellom det å kun lære fakta og å lære korleis fakta heng saman, er organisert og avhengig av kvarandre, lagt vekt på. Barns kognitive og språklege utvikling er avhengig av høva dei får til å nytte eksisterande dugleik, og om dei tilsette støttar utviklinga av stadig meir komplekse dugleikar. Læring skjer når barnet er i samspel, er aktivt og opplever meining og engasjement. Rein instruksjon høver seg ikkje for barn i barnehagealder. Dei har behov for å delta, medverke og oppleve meining for at læring skal kunne skje.

Omgrepsutvikling, forståing og dybdelæring:

Dei tilsette nytta læringsfremjande diskusjonar og aktivitetar saman med barna. Læring handlar ikkje berre om å tileigne seg kunnskap, men også om å nytte denne kunnskapen i nye situasjonar. Dei tilsette legg mest vekt på å auke barnas forståing, snarare enn berre å gjennomføre læringsaktiviteten. Dei tilsette relaterer nye omgrep til situasjonar, hendingar eller objekt som barna er kjende med. Gjenkjenning fremjar læring. Dei tilsette etterspør barns tenking og problemløysing.

Tilbakemeldingar: Barn treng tilbakemeldingar på eigen læring for å få mest mogleg ut av en situasjon/aktivitet. Når barna er i leik og held på med aktivitetar, kan dei tilsette gi hint (verbalt eller fysisk) eller stille spørsmål og kome med innspel for at barna skal halde fram med ei oppgåve lenger, og dermed oppnå auka læring og meistring. Målet er tilbakemeldingssirklar, det vil sei gjentakande spørsmål - svar – sekvensar, slik at barnet får ei djupare forståing av det aktuelle temaet.

Språk: I språkstøtte er det viktig med hyppige samtalar saman med barna, og fram- og tilbakevekslingar mellom barnet og den tilsette. Dei tilsette snakkar med barna, ikkje til barna. Dei stiller mange opne spørsmål, der det krevjast meir enn eitt eller to ord til svar, dei repeterer og vidareutviklar barnas utsegn, set ord på det dei sjølv gjer og det barna gjer. Dei har eit variert språk, forklarar ord og knyt ord til hendingar/erfaringar her og no. Dei tilsette har ein klar intensjon om å fremje barns språk i samtalar mellom barna og mellom barn og tilsette.

Eigenleiing i leik og læring: Dei tilsette støttar barna i si utvikling av eigenleiingsfunksjonane; planlegging, organisering, arbeidsminne, fleksibilitet, sjølvregulering, sjølvmonitorering, igangsetting. Dei tilsette legg til rett for eit variert og rikt leikemiljø og deltek i barnas leik.



BARNET FØRST!

Slik arbeider vi med Barnet først:

Omsorg:

Barna skal møtes av lyttende og engasjerte voksne som viser nærleik. Omsorg har en eigenverdi og er nært knytt til tryggleik, trivsel, leik, læring og helse. Omsorg skal prege alle situasjonar i kvardagslivet; både omsorg mellom personal- barn, barn- barn og personale - personale. Dei voksne skal vera gode rollemodellar. At barna lærer å gi og ta imot omsorg for kvarandre, er grunnlaget for sosial utvikling.

Å gi omsorg er å lytte, gi nærleik, innleving, vise evne til samspel og å setje grenser.

Me vil synleggjere vårt arbeid med omsorg ved å:

- Komme barna i møte og vere til stades
- Sjå, lytte og forstå barnet—vise det i handling—anerkjenne
- Syne interesse, trøyste og gje nærleik — bygge relasjonar slik at barna har kjensla av å vera ivaretatt og inkludert
- Ivareta dei gode møta med barna, og gjera enkeltbarnet synleg i gruppa
- Vera støttespelarar til barna
- Skape samkjensle i barn - barn, og barn - voksne, i mindre og større grupper
- aldersinndelt og på tvers
- Stette barnas behov for ro og kvile
- Oppmuntre til at barna hjelper kvarandre, og til å trøyste kvarandre. Gi positiv feedback for å gjere dei bevisste på den gode handlinga.
- Arbeide i relativt små grupper, og så langt det er mogleg følger fleire av dei voksne gruppene frå 1 til 6 år.

Me tenker progresjon i høve omsorg gjennom at me er tett på, har mindre leikegrupper og gode, trygge voksne som følger barna gjennom dagen. På den måten trygger me barna, og kjenner kvarandre godt. Dette er viktig; Gjennom utvikling og ytre omstendigheter vil behovet for omsorg være ulikt, og me som voksne ser kva barna treng og kan ivareta deira behov.



PROGRESJON I OMSORG

1 åringen	2 og 3 åringen	3- og 4-åringen	5-åringen
• Opplever trygghet i barnehagen. • Ta imot trøst • Utvikle tillit til seg sjølv og andre	• Blir merksam på ulike følelsar hos seg sjølv og andre • Byrjar å utøve omsorgshandlingar • Visar tillit til personale • Visar stoltheit over eigne prestasjonar • Tek imot rettleiing • Visar forståing for å glede andre	• Auka prososial åtferd (sosial åtferd som er positiv, konstruktiv og hjelpande) • Uttrykkjer grunnleggjande behov og forklarar meir utdjupande. • Tillit til seg sjølv.	• Er kompetent til å setje andre følelsar framfor sine eigne. • Prøver å løyse konflikhtar sjølv. • Regulere seg sjølv og sine behov. • Visar tillit til andre barn.

Leik og læring

Læring startar med leiken. Leiken pirrar nysgjerrigheita, og det er nysgjerrigheita som betrar læringsprosessen hos den enkelte. Tar me vekk leiken, tar me også vekk grunnlaget for læring.

Hensikten er at alle barn skal få tid, moglegheit og rom til å utvikle sin eigen måte å leike på. Barna skal få moglegheit å leike åleine og saman med andre, og alle barn skal få bli inkludert i den sosiale leiken. Personalet har også ein viktig rolle i å passe på at ingen barn hamnar utanfor den sosiale leiken, og å hjelpe barn som slit med å finne si rolle i gruppa.

Når det gjelder læring, snakkar ein om heilskapleg læring, der det er heile barnet som lærer. Det forandrar barnet som person og får konsekvens for barnets sjølvverd og utvikling av identitet. Læring styrkar barnets sjølvoppfatning, og sjølvoppfatninga verkar inn på barnets motivasjon, interesser og læring. I heilskapleg læring skjer det mykje på det ubevisste plan, og ofte skjer den i en rekke andre situasjonar enn dei meir eller mindre tilrettelagte aktivitetane. Leiken er den viktigaste arenaen for barns læring, og difor må barna få mykje tid til eigen leik.

I leiken har me eit aktivt forhold til barna og deira læringsprosessar. Gjennom leiken og i prosjektarbeid grip me fatt i det barna er opptekne av og viser interesse for.

Ved å gje barna varierte opplevingar, erfaringar, kunnskap og tilgang på ulikt materiell er me med på å fremja læring ut i frå barnet sin eigen alder og ståstad.

Me er bevisste i høve kva me tilbyr av leiker og materiale i barnehagen. Ved å tilby noko anna enn ferdigproduserte og strukturerte leiker, har me stort fokus på Remida-/udefinerbare materiell. Materialane nyttas i leik, utforsking, konstruksjon og eksperimentering i høve alder og modning.

Progresjon i leik og læring

1 og 2 åringar er kroppslege og krev rom til toddlarleik. Me vaksne legg tilrette for boltring ved å tilby rom og plass til denne type leik. Ved å legge ut spor av udefinerbart materiale skapar me undring, utforsking og magi.

I 3 – 5 års alderen vert leiken meir komplisert. Reglane og samspelet vert meir komplekst etterkvart som leiken utviklar seg. Av den grunn er det viktig at me legg til rette for rom og tid til leik. Personalet må gi leiken næring, oppmuntring og eit rikt leikemiljø som forsynar barna med varierte opplevingar. Gjennom leiken lærer barna seg eigenleingsfunksjonane, som handlar om å koma i gang med aktivitet, vera konsentrert over tid, løysa problem og samhandla sosialt.

Dei eldste i barnehagen er også i større grad medverkande i høve prosjektarbeid og i utforminga av leikemiljøet.

Danning

Gjennom danning legg ein grunnlaget for allsidig utvikling. Barna skal erfare at dei er ein del av fellesskapet, og å oppleve at eigne og andre sine bidrag til



fellesskapet opplevast som noko positivt. Barna skal utvikle tryggleik på seg sjølv og eigen identitet. Danning er det som skjer i barnets samspel med verden rundt seg. Det er ein prosess som skjer gjennom heile livet, og for at den skal kunne utvikle seg treng ein refleksjon. Gjennom danninga overfører ein verdiar, normer, tankar og handlings- og uttrykksmåtar. Barna vert rekna som ein aktiv deltakar i eige liv. Det er dei vaksne si plikt å rettleie barna, men samtidig respektere deira eigenverdi og sjølvstende. Det er viktig å kunne sjå ting i samanheng for å kunne reflektere og rettleie. Danning skjer der det er tryggleik og gjensidig respekt frå alle paratar. Den skjer ut frå barnehagens verdigrunnlag, den vaksne sine erfaringar og i nært samarbeid med heimen.

Me vil synleggjera vårt arbeid med danning ved å:

- SJÅ, LYTT OG FORSTÅ barna, og la dei medverke til felles prosjektarbeid, samt prioritera frileiken som dannelsesarena
- Jobba for å skapa god sosial kompetanse hos barna
- Fremje barna sine tankar og meiningar i kvardagen, men og gjennom vurderingsarbeid og samtalar med barn.
- Synleggjera barna sin eigen kultur og mangfald som ressurs i dannelsingsprosessen
- Ta opp etiske dilemma til diskusjon og refleksjon

PROGRESJON:

1 åringen	2-3 år	3-4 år	5 åringen
• Bli kjent med barnehagen sine rutinar. • Vera ein del av eit fellesskap under måltid. • Gi barna moglegheit til medverking i kvardagen ved å observere kva dei er opptekne av, og kva dei har behov for. • Få moglegheit til å uttrykkje motstand og ueinigheit.	• Få følelsen av å være ein verdifull del av eit fellesskap, med moglegheit til å påverke eigen kvardag. • Kan utvide ein samtale. • Felles fokus. • Me gjennomfører observasjonar av barna og deira interesse, som me brukar i planlegginga av aktivitetar. • Me har fokus på pedagogiske prosessar. • Me legg til rette for meningsfulle opplevingar og støttar barnas identitetsutvikling. • Me utformar dei fysiske romma ut i frå barnas alder og interesse.	• Barna medverking er fokus gjennom lek og aktivitetar, i formelle og uformelle situasjonar. • Me jobbar med sosial kompetanse og barns følelsar. • Me øver på å være høfleg og behandle alle med respekt. • Me har fokus på godeleikemiljø.	• Ha tru på at ein har betydning for fellesskapet. • Me gjennomfører barneintervju angående trivsel og medverknad to gonger i året. • Me jobbar bevisst med å utvikle gode relasjonar og har fokus på å vise ein anerkjennande haldning. • Aktivitetar skal være prega av samarbeid og inkludere. • Me legg til rette for gode leikemiljø der barna utviklar sosial kompetanse via leiken.

Venskap og fellesskap

«I barnehagen skal alle barn kunne erfare å vere viktige for fellesskapet og vere i positivt samspel med andre barn og vaksne. Barnehagen skal aktivt leggje til rette for utvikling av vennskap og sosialt fellesskap». Rammeplan, s.22-23

I Kåreviksmarka set me sterkt fokus på vennskap og sosial kompetanse, og jobbar mykje med gruppedynamikken saman med barna. Me har fokus på å møte og forstå barns ulike følelser i tidleg alder og med det lære barna å akseptere at me er forskjellige. Ut i frå det også fremje barnas ulike kvalitetar.

Døme på korleis me arbeider med vennskap og fellesskap:

- Vere gode rollemodellar for barna ved at me er anerkjennande overfor både barn og vaksne.
- Snakke og setje ord på barns ulike følelsar og ulike kvalitetar.
- Dele i mindre grupper, observere når ein er tett på.
- Gi barna felles erfaringar og opplevingar, som vil bidra til utvikling av vennskap.
- Sjå, lytte og forstå! Leggje til rette for relasjonsbygging, barn-barn og barn-vaksen.
- Bygge/retteleie til utviklinga av sosial kompetanse.

Kommunikasjon og språk

I Reggio Emilia—filosofien er kommunikasjon eit nøkkelord. Me veit at den språklege kompetansen er viktig å ivareta, og me vil av den grunn arbeide aktivt for å utvikle den.

Småbarnsalderen er den grunnleggjande alderen for utviklinga av språket, og samhandling med andre skjer gjennom kroppsspråk og leik med lydar. Me jobbar difor aktivt med å oppfatta, bekrefte og stadfeste barna og deira uttrykk, samstundes som me set ord på deira inntrykk og opplevingar for å vidareutvikla talespråket deira. Eit godt utvikla språk er grunnleggjande for å få og oppretthalde kontakt med andre menneske, etablere venskap og er grunnleggjande for lese, - og skriveopplæringa.


Me legg vidare vekt på å skapa eit rikt og variert miljø i barnehagen ved å satse på kommunikasjonen og nytta den som reiskap for tenking og som uttrykksform for eigne tankar og kjensler. Ved å gje barna felles opplevingar gjennom leik og ulike aktivitetar, har barna noko felles å kommunisere om, og som dei saman kan

skape felles forståing rundt.

I Reggio Emilia beskrivast det at barnet har hundre språk. Med det meinas at barnet er så mykje meir kompetent og kreativ enn akkurat det som det verbale språket kan syna, og at det difor er viktig at me støtter opp om alle måtar barna uttrykkjer seg på.

Et barn
er laget av hundre.
Barnet har
hundre språk,
hundre hender,
hundre tanker,
hundre måter å tenke på,
å leke og snakke på.
Hundre, alltid hundre
måter å lytte,
å undres, å synes om,
Hundre lyster.
Å synge å forstå
hundre verdener.
Å oppdage
hundre verdener,
å oppfinne
hundre verdener.
Å drømme frem.
Et barn har
hundre språk,
(og dertil hundre, hundre, hundre)
men frarøves nittini.
Skolen og kulturen
skiller hodet fra kroppen.
Man ber barn:
Å tenke uten hender,
å handle uten hode,
å lytte, men ikke snakke,
å begripe uten gleden i
å henføres og overraskes
annet enn til påske og jul.
Man ber dem:
Å bare oppdage den verden som allerede finnes,
og av alle hundre
frarøver man dem nittini.
Man sier til dem:
At leken og arbeidet,
det virkelige og det innbillede,
vitenskapen og fantasien,
himmelen og jorden,
fornuften og drømmene
er foreteelser
som ikke henger sammen.
Man sier til dem
at det ikke fins hundre.
Men barnet sier:
Tvert imot, det er hundre som fins.

Loris Malaguzzi





5. BARNS MEDVERKNAD

«Barnehagen skal sikre barna sin rett til medverknad ved å leggje til rette for og oppmuntre til at barna kan få gitt uttrykk for kva dei synest om den daglege verksemda i barnehagen. Alle barn skal kunne erfare å få påverke det som skjer i barnehagen på måtar som er tilpassa alderen, erfaringane, dei individuelle føresetnadane og behova til barna.»

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 27).

«Medverknad og demokrati handlar ikkje om at alle kan velje å gjera kva dei vil i eit prosjekt, men det handlar om å gi rom for å kunne tenka fritt og lære at ulike meiningar kan skapa ny forståing og samanhengar det kan byggast vidare på. Barn må oppleve at deira stemme skal få betydning i fellesskapet.» Fra boka Pedagogikkens hjerte av Lene Holte.

Våre metodar for å sikre barns medverknad:

- Me lyttar til barna, me ser dei og me prøver å forstå deira intensjonar LYTT–SJÅ–FORSTÅ
- Me tar barna sine tankar, idear og meiningar på alvor / me varetek deira synspunkt
- Barna får vera aktive i planlegging og vurdering av tema for prosjekt, arrangement og tilstellingar
- Me nyttar tankekart, og spelar på barna sine interesser, kunnskap og ferdigheiter
- Me har gruppemøte
- Me har barnesamtalar som me bruker til å oppretthalde eller korrigerer praksis
- Me har utviklingssamtalar med 4 åringene og dei barna som skal byrja på skulen
- Barna er med på å synleggjere det fysiske leike-, - og læringsmiljøet vårt ved at me tar signal på kva barna er opptekne av og kva dei treng av næring i leiken
- Barna får koma med ynskjer til anskaffing av nytt leike-materiell
- Barna er aktive medspelarar i barnehagen
- Dei vaksne har fokus på trivsel og velvære i kvardagen
- Me setter anerkjennande kommunikasjon i høgsetet
- Me møter barna der dei er i høve alder, utvikling og modning
- Me vurderer og korrigerer oss kontinuerleg i arbeidet med barn si medverknad



6. SAMARBEID

«Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen vareta barnas behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Samarbeidet mellom heimen og barnehagen skal alltid ha barnets beste som mål. Foreldra og barnehagepersonalet har eit felles ansvar for at barnet skal trivast og utvikle seg.»

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 29).

Våre metodar for å skape eit godt foreldresamarbeid:

- Foreldremøte to ganger i året.
- Foreldresamtalar to ganger i året. Fleire etter behov.
- Årlege brukarundersøkingar
- Foreldreråd og samarbeidsutval
- Hente og bringesituasjonar
- Arrangement og tilstellingar
- Oppfølging/retteleiing kring barn med trong for ekstra hjelpetiltak
- Informasjon gjennom Nyhetsbrev frå gruppene, MyKid, heimesida vår, mail, sms og telefon.

Samarbeid med andre instansar:

- Trygge Barnehagar AS som er eigar av barnehagen
- FUS; både sentralt og gjennom nettverk.
- Stord kommune
- Helsestasjonen
- Pedagogisk Psykologisk Teneste
- Barnevernet
- Langeland skule
- Pilotsamarbeid og innovasjonsavtale med do:be. Eit digitalt pedagogisk verktøy.
- Høgskulen på Vestlandet, campus Stord. Me er praksisbarnehage og tar kontinuerleg i mot studentar frå Høgskulen.
- Fitjar Vidaregåande skule
- NAV
- Sæbø Gard



7. OVERGONGAR

Tilvenning i barnehagen

«Barnehagen skal i samarbeid med foreldre leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og god start i barnehagen. Barnehagen skal tilpasse rutinar og organisere tid og rom slik at barnet får tid til å bli kjent, etablere relasjonar og knyte seg til personalet og til andre barn.»

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 33).

Våre metodar for å sikre ei trygg og god tilvenning:

- at tilvenninga tilpassast kvart enkelt barns behov i tett dialog med barnets foresatte
- at personalet gir barna trygghet gjennom god omsorg
- at alle medarbeidar har kunnskap om trygg tilvenning og tilknytning
- at alle barn er trygt tilknytt minst en voksen på sin avdeling / base
- at føresette får tillit til personalet og opplever at det er trygt å levere barnet i barnehagen
- sette av god tid til tilvenning for alle barn
- gi føresette informasjon om barnehagens rutinar for oppstart og tilvenning
- invitere alle barn og føresette på besøk i barnehagen før oppstart
- ha en tilknytningsperson for alle barn, me let barnet velje den vaksne den føler seg mest trygg på.
- ha tett dialog med barnas føresette i tilvenningsperioden
- gjennomføre en oppstartsamtale med alle føresette i god tid før oppstart, samt en oppfølgingssamtale kort tid etter oppstart
- arrangerer et felles foreldremøte for alle nye barn
- tilrettelegge for en trygg og god oppstart uansett når på året barnet begynner og uansett alder

Overgang mellom barnehage til skule

Barnehagen skal i samarbeid med foreldra og skulen leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og god overgang frå barnehage til skule, og eventwvuel til skulefritidsordninga. Dei eldste barna skal få høve til å gle seg til å begynne på skulen og oppleve at det er ein samanheng mellom barnehagen og skulen. Barnehagen skal bidra til at barna kan avslutte barnehagetida på ein god måte og møte skulen med nysgjerrigheit og tru på egne evne.
(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 33).

Våre metodar for å sikre ein god overgang til skulen:

- Øve på overgangar
- Øve på å takle endringar i rutinar
- Lære seg å takle det å ikkje vinne og takle motgang
- Læra å bruke språket i konfliktsituasjonar
- Medverke i sin eigen kvardag
- Faste møtepunkt som overføringsmøte, erfaringsutveksling mellom pedagogar og lærarar, samt barnesamtale og foreldresamtale der ein vel ut og godkjenner informasjon som skal over til skulen.
- Fokus på meistring og barnehageavsluttande aktivitetar siste året.
- La barna få varierte samspelserfaringar og gode opplevingar.
- Gjer oss kjend med området kring skulen, går frå bhg som vil vere skuleveg for fleire av barna, samt samarbeider med andre barnehagar som er i same skulekrins. Med nokre felles møtepunkt/turar/opplevingar ynskjer me at barna blir kjend med fleire dei skal gå i klasse og på skule med.

[Link til overgangsplan barnehage-skule](#)





8. BARNEHAGEN SOM PEDAGOGISK VERKSEMD

Lærande organisasjon

Målet med barnehagen som pedagogisk verksemd er å gi barna eit tilrettelagt tilbod i tråd med barnehagelova og rammeplanen. For å oppnå dette skal barnehagen vere ein lærande organisasjon, og det pedagogiske arbeidet skal vere grunnlagt i barnehagelova og rammeplanen.

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 37).

I FUS er vi lærande barnehagar. Personalet er i kontinuerleg utvikling, reflekterer over faglege og etiske problemstillingar, held seg faglig oppdatert og er gode rollemodellar. Senge (2006) seier: "ein lærande organisasjon er ein organisasjon som kontinuerlig forbedrer si evne til å skape si eiga framtid." Vi legg difor vekt på at personalet utviklar evnene sine og bygger kapasiteten sin slik at barna møter omsorgsfulle og kompetente tilsette.

Våre metodar for å oppretthalde ein lærande organisasjon:

Me jobbar ut frå vurderingssirkel.

1. Me ser på dokumentasjonen.
2. Me reflekterer, drøfter og vurderer arbeidet eller prosessane me er inne i for så å
3. Oppretthalde, fortsette, endre eller korrigere praksis .

Altså PLANLEGGING – HANDLING – OBSERVASJON – REFLEKSJON

Planlegging

«Planlegging gir personalet grunnlag for å tenkje og handle langsiktig og systematisk i det pedagogiske arbeidet. Planlegginga skal bidra til kontinuitet og progresjon for enkeltbarn og barnegruppa, og skal vere utgangspunkt for refleksjon og utvikling av verksemda.»

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 37).

Me jobbar med planlegging saman med barna. Barna skal vere med på å planlegge dagane, sjølvstilt innanfor rammer lagt av personalet. Etter alder og modning er dei meir og meir med på å styre vegen prosjekt tar, kvar turane skal gå og kva ein skal gjere der, og kva leiken skal dreie seg om. Me vaksne undrar oss saman med dei,

og er med-utforskarar. Me skal og tilrettelegge slik at dei får prøvd ut sine hypotesar, og rettleie på vegen, mellom anna ved å stille opne spørsmål undervegs. Barna medverkar i planlegginga ved sine innspel, ein planlegg saman ved hjelp av tankekart og dokumentasjon frå eit tidlegare tidspunkt i prosessen. Me må i tillegg planlegge for å legge gode rammer for omsorg, lek og læring. Det gjer med ved å ha faste haldepunkt, og organisere td i mindre grupper.

Vurdering

«Barnehagen skal regelmessig vurdere det pedagogiske arbeidet. Det betyr at det pedagogiske arbeidet skal beskrivast, analyserast og tolkast ut frå barnehageplanane, barnehagelova og rammeplanen. Vurderingsarbeidet skal byggje på refleksjonar som heile personalgruppa er involvert i. Trivselen og den allsidige utviklinga til barnet skal derfor observerast og vurderast fortløpande, med utgangspunkt i dei individuelle føresetnadene til barnet og kunnskap om barns utvikling og behov. Erfaringane og synspunkta til barnet skal inngå i vurderingsgrunnlaget.»
(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 38).

Våre metodar for vurdering:

- Vurderingsarbeidet i Kåreviksmarka FUS Barnehage skal vera systematisk og gjennomførast på ein planlagt og open måte. Me skal skildra, analysere og tolka i høve kriterium Rammeplan, årsplan og eventuelle lokale retningslinjer og planar.
- Me observerer og vurderer fortløpande barnegruppene og det enkelte barnet sin trivsel og utvikling i barnehagen. Me ser på samspelet mellom barna, mellom barn og vaksne og mellom barnehagen sine tilsette. Me vurderer tilvenningsperioden, eit prosjekt på hausthalvåret, to prosjekt på vår-halvåret, samt felles vurderingsområde for barnehageåret.

Målet med vurderingsarbeidet er:

- Sjå barnet gjennom ulikt perspektiv i dei aktivitetane me legg til rette.
- Gjer oss bevisst på kva rammer som gir best moglegheit for å auke den sosiale kompetansen for barna i aktivitetane.
- Utforske kva rolle me som vaksne må ha for at barna skal føle tryggleik i gjennomføringa.

Kven skal delta?

Barn og personale vil delta i vurderingsarbeidet vårt.

Korleis?

- Me vil lytte, sjå og prøve å forstå korleis me som vaksne kan støtte og veilede barna i samspel og utforsking.
- Personalet og born deltek i vurderingsarbeidet gjennom barnesamtalar, observasjonar, IGP arbeid og praksisfortellingar. Det vil være Class observatør som er inne og observerer vår praksis og kan gi god dokumentasjon for vidare arbeid og refleksjonar.
- Me vil så ta utgangspunkt i dette for å vurdere våre funn.

Dokumentasjon

«Dokumentasjon av personalet sitt arbeid synleggjer korleis personalet arbeider for å oppfylle krava i barnehagelova og rammeplanen. Dokumentasjon av det pedagogiske arbeidet skal inngå i barnehagen sitt arbeid med å planleggje, vurdere og utvikle den pedagogiske verksemda. .»
(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 39).

Våre metodar for dokumentasjon:

DOKUMENTASJON er bilete, observasjonar og fortellingar som skal synleggjere vårt pedagogiske arbeid og danne grunnlaget for vår pedagogiske og faglege utvikling og refleksjon.



Pedagogisk dokumentasjon

Dokumentasjonen vert pedagogisk når den vert nytta til fagleg refleksjon og drøfting saman med andre. Dette med mål om å få fram ulike oppfatningar og opne for kritisk og reflekterande praksis. Me synleggjer barna si læring og personalet sitt arbeid i eit etisk perspektiv.

Kva dokumenterer me?

Me dokumenterer barn i leik og læring, barn i kvardagen og barn i samspel med andre barn og vaksne. Me dokumenterer prosessar, prosjekt, - og fordjupningsarbeid. Me dokumenterer kvardag og fest, opplevingar og oppdagingar. Me har fokus på at den dokumentasjonen som blir formidla ut viser aktivitet og prosess, ikkje enkeltbarn.

Kven dokumenterer?

Alle tilsette deltek i dokumentasjonsarbeidet for å synleggjera kva me gjer i barnehagen, korleis me jobbar og kva som er fokus.


Kven dokumenterer me for?

Me dokumenterer først og fremst for eigen del for å ha refleksjonsgrunnlag til drøfting og diskusjon i personalgruppa, men og for barna sin del. Me gir dokumentasjonen tilbake til barna, og gjer dei rom og tid til samtale og dialog rundt dokumentasjonen.

Sekundært, og ut over dette ønskjer me å gje foreldre og det øvrige samfunn eit blick inn i kvardagen vår.

Korleis dokumenterer me?

- Bilettdokumentasjon
- Observasjonsarbeid
- Praksisforteljingar
- Utstillingar / estetisk dokumentasjon
- Facebook
- Referat, skriv og meldingar, i MyKid
- «Dagen i dag» på MyKid



Tilrettelegging av det allmennpedagogiske tilbodet for barn som treng ekstra støtte

Barnehagen skal tilpasse det allmennpedagogiske tilbodet etter behova og føresetnadene til barna, også når enkelte barn har behov for ekstra støtte i kortare eller lengre periodar. Barnehagen skal sørge for at barn som treng ekstra støtte, tidleg får den sosiale, pedagogiske og/eller fysiske tilrettelegginga som er nødvendig for å gi barnet eit inkluderande og likeverdig tilbod. Inkludering i barnehagen handlar òg om å leggje til rette for sosial deltaking. Dersom det er grunn til å tru at barnet ikkje kan få dekt behova sine innanfor det allmennpedagogiske tilbodet, skal barnehagen opplyse foreldra om retten til å krevje ei sakkyndig vurdering av om barnet har behov for spesialpedagogisk hjelp.»

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 40).

«Våre metodar for tilrettelegging av det allmennpedagogiske tilbodet:

Dersom eit barn har behov for hjelp, støtte eller oppmerksomhet i korte eller lengre periodar kan me i samarbeid med foreldre opprette ein stafettlogg for barnet. Ein stafettlogg er ein elektronisk loggbok og startar når foreldre har gitt samtykke. I loggen set me opp tiltak som barnehagen og heimen skal jobbe med og kven som har ansvar for tiltaka. Ein kan invitere inn andre instansar dersom det er behov. Loggen kan følgje barnet over i skulen ved skulestart. Det hentes samtykke ved alle overgangar, det vil då være med på å sikre god informasjonsflyt.





9. BARNEHAGENS FAGOMRÅDER

Rammeplanen seier: «Fagområda speglar område som har interesse og eigenverdi for barn i barnehagealder, og skal bidra til å fremje trivsel, allsidig utvikling og helse. Barnehagen skal sjå fagområda i samanheng, og alle fagområda skal vere ein gjennomgåande del av innhaldet i barnehagen..... barn skal utvikle kunnskapar og ferdigheiter innanfor alle fagområde gjennom undring, utforsking og skapande aktivitetar».

Fagområda dekker eit vidt læringsfelt, og vil vera presentert i prosjektarbeid, i sosialt samspel, i lek og i forbindelse med kvardagsaktivitetar. Fagområda er tilpassa barna sine behov, interesser, alder og modningsnivå gjennom vår eigen utarbeidde progresjonsplan som seier noko om korleis me legg opp dette arbeidet. Slik kan me lettare dokumentere og kvalitetsikra arbeidet med dei ulike faga som har parallellar til faga i skulen.

FAGOMRÅDA ER:

1. Kommunikasjon, språk og tekst
2. Kropp, rørsle, mat og helse
3. Kunst, kultur og kreativitet
4. Natur, miljø og teknologi
5. Mengd, rom og form
6. Etikk, religion og filosofi
7. Nærmiljø og samfunn



Ideen om barnet som aktør og aktiv medkonstruktør i å skape sin egen kunnskap og sin og sine medmenneskers felles kultur, bygger på en respekt for barnet som et ressurssterkt og nysgjerrig barn, et barn med egen lyst og kraft til å lære, utforske og utvikles som menneske i en aktiv relasjon med andre mennesker.”

Ellsworth





Kunnskapsdepartementet. (2017).
Rammeplan for barnehagen: Forskrift om rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver.
Hentet fra <https://www.udir.no>